

Referat frå møte i SU 09.12.2024

Møtte: Siren L. Clausen, Ingvild Skaar, Tonje K. Aasebø, Morten W. Birkelund, Julian A. Jacobsen og Ragnhild K. Magerøy.

Meldt avbod: Viljar I. Fjell, Ann Elin Street og Linda Sæterlid

Agenda:

1. Skule: Behovsprøvd leksehjelp

Det vert vurdert om leksehjelp-tilboden skal gjevast elevar med særskilde behov då mange som deltek ikkje er interessert i å gjere lekser og i staden lagar uro. FAU tenkjer at det kan vere uheldig at berre nokon elevar får denne hjelpa og spelar inn at elevar som greier seg godt fagleg kan hjelpe elevar som strever fagleg. Det vert konkludert med at dette kan ha både fordelar og ulemper. Rektor undersøker i første omgang om det i høve Opplæringslova let seg gjere å gjere leksehjelpa behovsbasert.

2. Skule og FAU: Høyringsutkast ift kommunale forskrift

SU kjem fram til desse innspela:

Nynorsk som målform på alle skular:

Skulane på little Sotra bør få høve til å bestemme hovudmål sjølv. Foldnes skule har i veldig mange år hatt bokmål som hovudmål. Om dette skal endrast vil det vere ein stor kostnad i høve fysiske lærebøker og spesialpedagogisk utstyr, samt hjelphemiddel som vert nytta i tilrettelegging opp mot Dysleksivennleg skule og ASK (alternativ språkleg kommunikasjon).

Permisjonsreglane:

Når søsknen skal søkast fri frå undervisning vert det gjerne utfordrande om den eine greier seg godt fagleg og kan få fri, medan den andre har faglege utfordringar og bør vere på skulen.

Punktet om læringsresultat og læringsutbyte bør sjåast meir på.

Nr elevar er vekke frå skulen har føresette ansvar for opplæring i permisjonstida. Det er uklart kven som har ansvaret for å lage undervisningsopplegg. Det må tydeleggjera at også dette er eit foreldreansvar.

Skulereglane:

Ei tydeleggjering av kva som er skule sitt ansvar på skulevegen er ønskjeleg.

3. Skule: Status uteområde

Uteområdet er ferdig. Skole er svært nøgd med resultatet.

4. Skule: Markering Helsefremjande skule

Prosjektgruppa har teke initiativ til ei formell markering i januar der skulesjef deltek. Foldnes skule vert formelt markert som Helsefremjande skule. Det vert sett opp eit skilt ved inngang til administrasjonen.

5. Skule: Informasjon om biblioteksatsinga og leseprosjekt for utvalde gutter

Saka vert utsett til neste møte.

6. FAU: Innkjøp til skule og SFO

FAU informerer om at dei har god økonomi og kan bidra til innkjøp av leiker og utstyr. Det vert sendt ei prioritert ønskeliste i førekant av neste møte i FAU.

7. FAU: Sosiale media

FAU planlegg å invitere Barnevakten og Politiet for å informere foreldre om sosiale media/nettvett, samt tilhøve i nærmiljøet og praksis i å «henge» på Sartor.

Foldnes skule 06.01.2024

Ragnhild Knudsen Magerøy
referent